

Irsk kveld på Dønhaug – Andrea for 11. gongen

16.07.2011

Laurdag 23. juli vil den folkekjære irske artisten, Andrea Rice med band ha konsert/pub-session på Dønhaug. Dette blir sjette året at ho vitjar Dønhaug på sine årlege sommarturnear, og med årets konsert vert det 11. gongen ho vitjar Dønhaug.

Dei føregåande åra har ho samla "fulle hus" både i kjellaren og på låven. Etter eit opphold ifjor, ser ho i år fram til å møta att det utrulege publikumet ho har opplevd på Dønhaug

Andrea er blant Irlands beste og mest etterspurde Folk & Ballade live-artistar. Med glitrande framføringer av dei beste irske songane opp gjennom tidene, trollbind ho sitt publikum og skaparden gode stemninga som er blitt hennar kjennemrke.

Andrea er ein artist som trives best når ho får syngja og spela i lokaler med sær preg, og der ho kjem i nær kontakt med publikum. Dønhaugkjedlaren har vist seg som eit ypperleg lokale i så måte. Andrea har gitt uttrykk for at stemninga og atmosfæren i Dønhaugkjedlaren nesten er som å opptre på ein irsk pub heime i Irland.

På Dønhaug vil ho ha med seg ektemannen Fee Dobbin på kontrabass/bodhran og Mark Haddock på banjo/mandolin; han blir rekna som ein av Irlands aller beste banjospelar. Andrea sjølv trakterar akustisk gitar, harpe og fløyte i tillegg til song.

Det vert ikkje førehandssal av billettar til denne kvelden, men gjestene kan reservera plass på førehand og henta billettar ved inngangen. Eg viser og til Andrea Rice si heimeside www.andreariceband.com og til www.donhaug.com.

Magne Huglen



Tre populære artistar som kjem att til Dønhaug (Foto: Ola Matti Mathisen)